



KUNNSKAPSDEPARTEMENTET  
Postboks 8119 DEP  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Mats Petter Sydengen, 5764 3157

## NOU 2022:13 Med videre betydning

Statsforvaltaren i Vestland (SFVL) avgrensar sitt høyrings svar til å gjelde tilskotsordninga for barnehage- og skuleutvikling. Kapittel 9 i NOUèn.

Overordna er Statsforvaltaren i Vestland samd i at dagens ordningar for lokal kompetanseutvikling, med retningslinene for tilskottsforvaltninga, kan bli enklare og betre.

Vi har valt å bruke høyrings svaret til å peike på nokre problemstillingar som vi meiner ei omlegging må ta omsyn til. Vi meiner vidare at Modell 1 er den mest aktuelle.

### Er ein av grunntankane i kompetanseordningane lagt til sides?

*(jf. Styrke partnerskapene, strekpunkt 3, s. 136. utvikle felles tiltak i partnerskapene for flere små, enkeltstående barnehager og skoler og for små kommuner som har samme typen utfordringer, slik at ikke hver enkelt barnehage eller skoleeier må utvikle egne tiltak)*

SFVL meiner at det skiftet ordninga for kompetanseutvikling i barnehage og skule representerte, var rett tenkt og i tråd med den kunnskapen ein har om korleis velfungerande partnerskap gir gode føresetnadar for profesjonsutvikling, utvikling og endring:

- utviklingsarbeidet skulle skje i eit *partnerskap* med lærarutdanningane,
- at utviklingsarbeidet skulle bygge på *lokale vurderingar* av behov og
- at det skulle vere *barnehage- og skulebasert* og inkludere eit samla arbeidsfellesskap

Slik Statsforvaltaren i Vestland (SFVL) har lest dei evalueringsrapportane som er publisert sidan ordningane starta opp i 2017 og 2018, er det stor tilslutning til dei vilkåra som går fram i kulepunktta over.



Slik vi les utvalet sitt framlegg meiner vi det er grunn til å stille spørsmål ved om denne grunntanken er utfordra, eller står i fare for å bli utvatna? Vi vil tru at det som i framlegget blir omtalt som *små og enkeltstående* barnehagar og skular, som ein hovudregel vil vere private. I tillegg er det kanskje tenkt på dei kommunane som er så små at dei berre har ein barnehage og ein skule.

SFVL meiner dette forslaget har problematiske sider ved seg. All den tid det er snakk om fellestiltak, flyttar ein seg bort frå tanken om lokale vurderingar i partnerskap med UH, og ein flyttar seg og raskt bort frå kravet om verksemdsbasert aktivitet. Dersom utvalet meiner at dette ikkje lenger skal vere eit krav/vilkår i ordninga, er det vårt syn at det må uttrykkast eksplisitt, og ikkje berre ver knytt til private, og/eller dei heilt minste kommunane.

### **Ei felles ordning for barnehage- og skuleutvikling – enklare for alle?**

SFVL er einig i at ei felles ordning for barnehage- og skuleutvikling står fram som enklare for dei *kommunale barnehage- og skuleeigarane*. Det er openbart at det er fordelar med å sjå ansvaret kommunane som eigarar har for kompetanse i samanheng for barnehage og skule.

Vi ser derimot ikkje på kva måte ei felles ordning blir enklare for dei *private skule- og barnehageeigarane*. I Vestland fylke har vi eit høgt tal private skular og om lag 50 % av barnehagane er private.

Det er heller ikkje sikkert at ei felles ordning vil fungere dårlegare for private eigarar. Det vil avhenge av om ein kjem fram til prosessar for inngåing av partnerskap og tildeling av midlar som sikrar at dei private eigarar er sidestilt med kommunale eigarar.

Spørsmålet må vere kva problemstillingar dagens modell gir for sektoren samla sett, og om løysinga på desse utfordringane ligg i ei samanslåing av ordningane.

Det SFVL uansett vil peike på er at ein praksis som tar utgangspunkt i dei kommunale eigarane sine vurderte behov, og der dei private eigarane blir invitert med, ikkje er i tråd med ein av grunntankane som dagens ordning byggjer på: lokale behovsvurderingar.

### **Endra retningslinjer og framlegg til tittel**

Dersom utvalet sitt forslag om å slå dei gjeldande ordningane saman til ei felles ordning, så følgjer det at retningslinjene må endrast. I utvalet sitt forslag har dei formulert at nye retningslinjer skal ivareta kommunane sitt ansvar for å sikre kompetanse, ... Vi legg til grunn at det *er alle eigarane sitt ansvar for kompetanse* som skal varetakast, ikkje berre dei kommunale.



Når det gjeld namnet på dei nye retningslinene meiner SFVL dette er eit høve til å understreke at utviklingsarbeidet *skal* skje i partnerskap. Ein betre tittel vil etter vårt syn vere «*Retningsliner for partnerskap om barnehage- og skuleutvikling*»

### **Om Samarbeidsforum**

Statsforvaltaren i Vestland meiner Samarbeidsforum si rolle i ordninga må vurderast grundig. Samarbeidsforum er gitt ei sentral rolle når det gjeld prioriteringar og tildelingar. Samstundes er det både vår, og slik vi les evalueringane, gjennomgåande erfart at det er vanskeleg gjere reelle prioriteringar i et slikt organ. Det er nok fleire grunnar til det, men størrelsen på forumet (i Vestland er det utanom Statsforvaltaren 38 representantar), utskifting av medlemmar og ei reell oppleving av å vere langt unna verksemdene der utviklingsarbeidet skal skje, er typiske forklaringar.

Etter vårt syn er det to spørsmål ein må konsentrere seg om i ordninga(ne):

1. korleis sikre at UH og eigarar har vilkår for reelle partnerskap i alle fasar av utviklingsarbeidet?
2. korleis sikre at dei regionale nettverka får ressursar til å koordinere arbeidet mellom eigarane og UH.

Når vi har ei ordning som legg vekt på det som skjer i praksisfeltet, og ei ordning som legg vekt på lokal involvering og partnerskap med UH, er det etter SFVL sitt syn naturleg at nettverka blir styrka, og at Samarbeidsforum si rolle blir tona noko ned.

Vi er ikkje ueinige i at fylka må halde seg med jamlege møtepunkt der eit samla aktørfelleskap drøftar problemstillingar og deler erfaringar. Det er nyttig og vil gi positive bidrag. Men vi meiner det er gode grunnar til å legge opp til ei ordning der det er nettverka, anten det er nettverk av kommunar, eller nettverk av/med private eigarar, som er nærast til å gjere dei nødvendige prioriteringane innanfor dei gjeldande økonomiske rammene.

### **Fordelinga av midlar**

Statsforvaltaren i Vestland er einig i at midlane skal tildelast fylkesnivå. Vi er og einige i at UH-sektoren må tildelast 50 % av midlane. Det fungerer greitt at Statsforvaltaren fordelar midlane vidare til nettverka, kommunale og private.

### **Om langsiktige kompetanseplanar**

Det har ikkje vore udelt klårt kva ordninga meiner med og legg i langsiktige kompetanseplanar. Utan å gå i detalj på korleis dette kan bli oppfatta og praktisert ulikt, vil det vere nyttig om dette blir konkretisert nærmare.

I utgangspunktet, når det er lokale behov på skule- og barnehagenivå utviklingsarbeidet skal byggje på, er det kan hende noko motsetningsfylt at dette skal planleggjast på lang sikt. Behova endrar seg.



Dei fleste eigarane gjort seg opp vurderingar av kva område dei vil prioritere for kompetanseutvikling, uavhengig av om dei deltek i ordningane eller ikkje. Etter vårt syn må desse planane vere eit tilstrekkeleg utgangspunkt. Det vi vil leggje til her er at *korleis* ein skal innrette utviklingsarbeidet må vere eit tema for partnerskapet. Her blir vi og freista til å peike på tillitsreforma som oppmodar forvaltninga på alle nivå om å sjå nøkternt på kva oppgåver ein stiller krav om.

Det som kan vere nyttig er ei oversikt over kva tema/område for utviklingsarbeid som ligg føre hos eigarane. Ei samla oversikt, ikkje minst vil det vere gunstig for UH-sektoren, kan vere ei oppgåve for nettverka å leggje fram. Vi ser og at slike oversikter kan vere eit godt grunnlag for drøftingar og utveksling i Samarbeidsforum.

Med helsing

Anne Hjermann  
Utdanning- og verjemålsdirektør

Mats Petter Sydengen  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*